

Høyringsinnspel til saka: **Høring om det offentlige grunnskoletilbudet i Lesja kommune.**

Dette er eit høyringsinnspel frå Utdanningsforbundet ved Lesjaskog skule og Utdanningsforbundet ved Lesjaskog friluftsbarnehage. Vi har samarbeidd om høyringsinnspelet, og synes det er eit fint eksempel på at Lesjaskog skule og Lesjaskog friluftsbarnehage har eit godt samarbeid i dag. Vi har og stor tru på at Fjellnær friskule og Lesjaskog friluftsbarnehage vil få eit godt samarbeid i åra som kjem, og på den måten sørge for ein god samanheng frå barnehage til elevane går ut frå 10. klasse.

Det kan verke rart at Utdanningsforbunda ved desse to institusjonane meiner at nedlegging av Lesjaskog skule er ein klok og riktig avgjerse. Men vi har følgd prosessen til Fjellnær friskule, delteke på møter og lese alle dokument. Vi har stor tru på at Fjellnær friskule vil lykkes i sitt arbeid. Dei leverte ein søknad som utdanningsdirektoratet godkjente, og berre det viser at det er kvalitet i arbeidet dei gjer. Dei har tilsett ein rektor som vi veit at vil gjere ein god jobb, som har erfaring og kompetanse. Dei har fått inn mange søkarar til dei ulike stillingane og det viser at dei er ein attraktiv arbeidsplass allereie før dei har kome i gang. Dette gjer oss sikker på at det er riktig å no legge ned Lesjaskog skule.

Vi ønsker derfor at kommunestyret i Lesja kommune vedtek ei nedlegging av Lesjaskog skule.

I dokumentet «Høring om det offentlege grunnskoletilbudet i Lesja kommune er det nokre setningar vi reagerer på, og som vi finn nødvendig å kommentere:

- Når ungdomsskulen ved Lesjaskog skule skulle flyttast til Lesja skule, var det eit innsparingstiltak, og det skulle ikkje tilsetjast fleire lærarar. I saka er ein bekymra for profesjonsfellesskapet. Vi kan ikkje sjå at nedlegging av Lesjaskog skule vil føre til eit mindre profesjonsfellesskap for ungdomstrinnet, sidan talet på tilsette skal vere det same som det var *før* ungdomstrinnet ved Lesjaskog skule vart flytta til Lesja skule. Vi trur og at det fins måtar å ivareta profesjonsfellesskapet både mellom lærarar og mellom skuleleiarar, til dømes gjennom eit samarbeid med Fjellnær friskule eller med Dovre kommune.
- Om ungdomstrinnet, eller andre trinn ved Lesja skule blir redusert, kan ein sjå på andre måtar å organisere undervisning og skulen på. Andre måtar treng ikkje å vere negativt, det kan gje både økonomisk og pedagogiske gevinstar.
- Administrasjonen skriv at nedlegging av Lesjaskog skule vil endre ressursbehovet for skulehelsetenesta. Helse- omsorgstenesteloven regulerer mellom anna skulehelsetenesta, og §3-2 seier at kommunen skal tilby helsetenester i skulen.

Dette gjeld uavhengig av om det er offentleg eller privat skule. Ei ev. redusering av skulehelsetenesta skal altså ikkje kome som eit resultat av nedlegging av Lesjaskog skule, sidan opprettinga av Fjellnær friskule vil føre til at ressursbehovet ikkje blir endra. Vi meiner og at det bør haldast utanfor saka at Lesja kommune har det administrasjonen kallar eit utvidet tilbod, sidan ressursbehovet ikkje vil bli endra. Denne saka handlar om konsekvensar ved nedlegging av Lesjaskog skule, og sidan Fjellnær friskule blir oppretta, og alle elevar har dei same rettane til skulehelseteneste, så vil ikkje behovet bli redusert.

- Barne- og ungdomskontakten gjer ein svært god jobb i Lesja kommune og er ein viktig funksjon for skulane. Vi tenker at det hadde vore positivt om Lesja kommune kunne ha dialog med Fjellnær Friskule og kanskje kome fram til ei ordning der barne- og ungdomskontakten kan fortsetje med dei same oppgåvene og ved begge skulane i Lesja kommune, slik som i dag. Ein del funksjonar og oppgåver vil vere dei same som i dag, til dømes det som gjeld ungdomsrådet og oppfølgingstenesta.
- Administrasjonen konkluderer med at det er barnets beste å ha eit samla ungdomstrinn på Lesja skule som i dag. Vi trudde denne saka handla om nedlegging av Lesjaskog skule, og ikkje felles ungdomsskule. Vi har og ein annan konklusjon. Vi konkluderer og med at det er barnas beste, og barnas rett å få gå på nærskulen sin, slik Fjellnær friskule no legg til rette for.

Sidan saka om felles ungdomsskule kom opp og vart handsama i økonomi- og budsjettsaka i 2024, skapar det eit inntrykk av at eit viktig mål er innsparing. Vi har fleire gonger bedt om å få sjå tal på innsparinga, men førebels har vi ikkje fått sett det. Ved å leggje ned Lesjaskog skule, vil Lesja kommune spare lønnsutgifter til skuleleiar, lærarar, pedagogiske medhjelparar, sfo-tilsette, vaktmeister og reinhald. I tillegg vil Lesja kommune spare pengar på drift av ein skule og drift av eit skulebygg. Her er det mykje å spare! Det har vore eit tydeleg uttrykt ønske for Lesja kommune å redusere bygningsmassen. Det har dei mulegheit til no. Vi håper Lesja kommune kan sjå til Surnadal kommune, som selde eit skulebygg til familien Sand for kr. 1,-. Med dei innsparingane som Fjellnær friskule vil gje Lesja kommune, meiner vi at Lesja kommune kan gjere dette for at Fjellnær friskule og skal få ein god start.

Vi håper på eit positivt kommunestyremøte som støttar Fjellnær friskule i april.

Med helsing Utdanningsforbunda ved Lesjaskog skule og Lesjaskog friluftsbarnehage.